

Fra: Henning Huseby Jansen <hhj@sirdal.kyrkja.no>
Sendt: 16. mars 2017 06:43
Til: KR-Postmottak
Kopi: Post Sirdal
Emne: Høyrings svar "Utpeiking av biskopar"

Til Kyrkjerådet

Sirdal sokneråd vil med dette kome med sitt høyrings svar på høyringsnotatet om utpeiking av biskopar. Soknerådet vedtok dette høyrings svaret i sitt møte i går kveld, og reknar med at svaret vil bli tatt med sjølv om det vert sendt inn nokre timar etter fristen som var sett. Vi ville sett pris på ei tilbakemelding der det vert stadfesta.

Vedtaket lyder slik:

Sirdal sokneråd vil tilrå at Den norske kyrkja held fram med ei ordning for utpeiking av biskopar der biskopane vert tilsett av Kyrkjerådet, i høyringsnotatet omtalt i punkt 2.3b. Denne ordninga er utprøvd, og rådet meiner ho har fungert godt i dei fem utnemningane som har vore sidan Kyrkjerådet fekk dette ansvaret.

Sirdal sokneråd støttar i hovudsak reglane for denne ordninga som er foreslått i punkt 6.4, då dei inneber ei forenkling i høve til slik det er i dag. Ein foreslår likevel ei endring i § 4 som omhandlar kven som har røysterett, punkt d): frå «Prostene i de øvrige bispedømmer» til «Prostene i det aktuelle bispedømmet». Ei slik endring vil understreke og styrke det regionale og lokale kyrkjelege demokratiet, samstundes som Kyrkjerådet gjer den heilskapelege vurderinga.

For Sirdal sokneråd

Henning Huseby Jansen
Kyrkjeverge/dagleg leier
Sirdal sokneråd
Pb 133
4441 TONSTAD
Tlf: 976 33 127
Mail: hhj@sirdal.kyrkja.no
Heimeside: www.sirdal.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.no/kyrkjaisirdal